

Saksframlegg

Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/1466-1

Justering av opplæringstilbodet 2018 -2019

Fylkesdirektøren legg fram saka utan tilråding.

Vedlegg:

1. Søkjarar fordelt på utdanningsprogram og programområde skuleåret 2017-18
2. Endringar i søkjartala frå skuleåret 2017-18 til skuleåret 2018-19 fordelt på utdanningsprogram
3. Tal søkjarar med ungdomsrett med førsteønskje opplæring i bedrift og tal avtalar om læreplass i kvart fag
4. Innspel frå opplæringskontora

SAKSFRAMSTILLING

Søknadsfristen til vidaregåande opplæring er 1. mars. Dette gir knappe tidsfristar for handsaming av saka om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-19.

Saka skal handsamast i hovudutval for opplæring 3. april. Fagopplæringsnemnda sitt vedtak (saksprotokollen) blir vedlegg til saka og blir lagt til grunn for fylkesdirektøren sitt saksframlegg.

For å få til gode prosessar mellom fagopplæringsnemnda og opplæringskontora, har arbeidsutvalet for fagopplæringsnemnda hatt dialogmøte med opplæringskontora i forkant av møte i nemnda. Innspel frå dialogmøtet vil bli lagt fram for nemnda i møte. Skriftelege innspel frå opplæringskontora ligg som vedlegg.

Dokumenta som følgjer saka er oversyn over søkjarar med ungdomsrett til yrkesfaglege utdanningsprogram og programområde. Det ligg også ved oversyn over endringar i søkjartala frå skuleåret 2017-18 til skuleåret 2018-19 for dei ulike utdanningsprogram og nivåa.